





LINDÅS KOMMUNE



# Foreldremøte



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





## Dette skal vi snakke om:

- Intro – med presentasjon av dei tilsette
- Rutiner og forventningar
- Planar – m.a. plan for fysisk aktivitet
- Endringar - vedteken kommunedelplan – trafikksikring 2017-2020
- Kort informasjon når det gjeld ny skule Kløvheim / Eikanger
- Elevane sitt skulemiljø - §9A





Samarbeidet mellom skule og heim er forankra i Opplæringslova, forskrifter til lova og i Kunnskapsløftet.

Skulen skal støtte heimen i oppfostringa av ein ny generasjon og førebu dei unge på oppgåver dei får i samfunnet. Foreldre og føresette har hovudansvaret for å følgje opp eigne barn, og må difor ha medansvar i skulen. Det er skulen som pliktar å leggje til rette for at samarbeidet med heimen skjer.

## Frå Opplæringslova §1-1:

*Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

## Frå Prinsipp for opplæringa i Kunnskapsløftet:

*Skulen og lærebedrifta skal leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre at foreldre/føresette får medansvar i skulen.*

De kan finne meir informasjon om samarbeidet mellom skule og heim på desse linkane:

[Utdanningsdirektoratet](#)

[Foreldreutvalet for grunnopplæringa](#)





# PEDAGOGISK PLATTFORM: TRYGGLEIK + MEISTRING = TRIVSEL

## Overordna mål:

Vi ynskjer at alle skal trivast på skulen vår.

## **Trivsel opplever elevane når dei er trygge:**

- på skulevegen
- på medelevar og vaksne i skolemiljøet.
- på reglar og rutinar.
- på at dei møter faglege og sosiale utfordringar tilpassa sitt nivå.



## **Trivsel opplever elevane når dei meistrar:**

- faglege utfordringar.
- sosiale utfordringar.





## *Slik gjer vi det på Kløvheim*

Skuledagen startar kl. 08.50. Hugs at elevane må møte presis.

Elevane må bruke innesko. Dei får ikkje lov å gå med utesko inne i klasseromma, og skal dei f.eks. på toalettet, er det ikkje særleg lurt å gå i sokkeleisten.





## Meldingar heim – skule:

Dersom eleven har vore borte frå skulen – skriv i meldingsboka.  
Dersom de har ringt til skulen, eller sendt melding på epost eller  
SMS, er det nok.

NB! De skal gje opp grunn til at barnet er borte frå skulen – det er ikkje nok å skrive at «NN var borte frå skulen i går». Vi treng ikkje lange medisinske utgreiingar, men ei forklaring på om ein var til tannlege, lege, sjuk....

Kontaktlærar kan gje fri frå undervisning etter søknad i meldingsboka dersom det er under 3 dagar (maks 2 dagar).  
Ynskjer foreldre å söke om fritak frå undervisninga meir enn 2 dagar (3 +) skal dette søkjast om på eige skjema. Skjema finn de på heimesida til kommunen under «Skulane våre»





## Meldingsboka ....

SKAL også brukast dersom eleven ikkje skal ha gym ein dag. Denne meldinga skal begrunnast.

Elevane må ha med gymklede/sko.

Gymbagen (gjeld også symjebagen) skal ikkje henge igjen på skulen, men takast med heim etter kvar gymtime/symjetime.

Det er ufatteleg mykje klede som vert gløymd att. Hugs å sjekke om ditt barn har noko liggande igjen på skulen (ikkje det som er på garderobepllassen, men det som ligg «rundt omkring»). Hugs at det er lurt å merke kleda med namnet til barnet.





## Sekken.

Lær barnet ditt gode vanar – pakk sekken kvelden før skuledagen.

Pass på at det er:

- pennal
  - bøker barnet har bruk for
  - linjal
- i sekken.



Pass også på at barnet ditt ryddar i sekken av og til. Veldig ofte finn vi ranselpost som skulle vore levert heime for fleire veker sidan i botn av sekken....





# Arbeidsplanane.

Arbeidsplanane er eleven sin arbeidskontrakt for veka.

Denne skal

- alltid vere med – heime og på skulen
- ikkje rablast på, men krysse av for gjort arbeid.

Vi forventar at de heime les arbeidsplanen for barnet dykkar.

Kontaktlærar skriv eindel informasjon på planen, og det er viktig at de då har lest dette.

Skulle eleven ha gløymd planen på skulen, finn de planen på heimesida vår.

**ARBEIDSPLAN FOR 1. KLASSE – VEKE 36**

Vekas bokstav **V v**

VELKOMEN TIL  
NY VEKE

Ordenselevar:  
Henrik og Ida ☺

MANDAG 18. AUG	TYSDAG 19. AUG	ONSDAG 20. AUG	TORSDAG 21. AUG	FREDAG 22. AUG
Norsk: Vi lever på alfababet Matematikk: - Vi tel saman Naturfag: -	Børne-dagen skal helle skulen på høgtid. Dag 1: Vi heter kjend med Leila, Tigr og Sandy	Norsk: Vi lever på å skrive bokstavene. V Matematikk: - Vi finn ut kvar det er FLEST ord i et ord. Klode og Hest	Norsk: Vi lever på å skrive bokstavene. V Matematikk: - Vi finn ut kvar det er FLEST ord i et ord. Klode og Hest	S-fag: Familien vår og handverk Hest
LEKSE TIL TYSDAG	LEKSE TIL ONSDAG	LEKSE TIL TORSDAG	LEKSE TIL TORSDAG	LEKSE TIL FREDAG
Norsk Ordkoret lesebok side 12 og 13 Bokstavbok.	Norsk Gjer side 14 i Ordkoret lesebok.	Norsk Ordkoret lesebok side 14 på billet og les ord.	Norsk Gjer side 15 i Ordkoret lesebok.	GOD HELG
Matematikk Multi oppgåvebok Side 10	Matematikk Multi oppgåvebok Side 11	Matematikk Multi oppgåvebok Side 12	Matematikk Multi oppgåvebok Side 15	
Skulen sluttar kl. 12.45	Skulen sluttar kl. 14.30	Skulen sluttar kl. 13.30	Skulen sluttar kl. 14.30	Skulen sluttar kl. 12.45

**ARBEIDSPLAN FOR 1. KLASSE – VEKE 36**

**LERNINGSMÅL**

Figur: Les novellen om godt og godt mylt  
Matematikk: Matematikkboken har vi!

**MATEMATIKK**

**ENGÅLIG**

ZIPPYVILDE

Figur: Les novellen om godt og godt mylt  
NATURFAG OG SAMFUNNSFAG

Figur: Les novellen om godt og godt mylt  
SOSIALT MÅL

Figur: Les novellen om godt og godt mylt  
Figur: Les novellen om godt og godt mylt

**TIMESPLAN:**

Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1. Norsk	Norsk	Norsk	Norsk	Norsk
2. Norsk	Engelsk	Engelsk	Engelsk	Engelsk
3. Matte	Naturfag	Lering	Matte	Matte
4. Kunsthantverk	Støperi	Matte	Engelsk	Utvikling
5.				
6.	Hjemm- og Engelsk		Leiring +	

**PROSESSTAKTEN:**

- Minst éin handararbeid om dag 1-4. Les, infør, legg opp og til høymeld.
- Det er viktig at eleven kan lese novellen før han/ha tilrettelegget oppgaven. Det er viktig at eleven kan lese novellen før han/ha tilrettelegget oppgaven. Det er viktig at eleven kan lese novellen før han/ha tilrettelegget oppgaven. Det er viktig at eleven kan lese novellen før han/ha tilrettelegget oppgaven.
- Lært med minst éi høyt denne dagen.

**Oppdannelsestakten:**

Ista og Angelica

**Heimeleiker til:**

Torsdag	Uts. Les godt alle in i Ø	Multi Gb. Gen. i. Ø
onsdag	Uts. Les godt alle in i Ø og Ø	Multi Gb. Gen. i. Ø
fredag	Uts. Les godt alle in i Ø og Ø Engelsk 10 oppgaver i Ø og Ø	Multi Gb. Gen. i. Ø
helga	Uts. Les godt alle in i Ø og Ø Multi Gb. Gen. i. Ø	Multi Gb. Gen. i. Ø Engelsk 10 oppgaver i Ø og Ø

**Skolemerket:**

Norsk	Engelsk
Matte	Matte

**CLOSER**

- redusert  
- økt  
- gitt  
- gitt  
- letter  
- letter  
- ord  
- ord

**ØVERDØ**

Ha ei fin veka ☺


**KONTAKTINFORMASJON:**

postadresse: post@linda.no  
E-post: linda.post@linda.no  
Telefon: 54 37 39 58  
Telefon: 54 37 39 59  
Telefon: 54 37 31 03  
Arbeidsrom: 54 37 31 08





## Forventningar....kva då?



Vi forventar at elevane møter utkvilte på skulen.

Vi forventar at elevane skal ha med seg nødvendig utstyr til skuledagen.

Vi forventar at elevane har med matpakke til skulen.

Vi forventar at elevane er motiverte for å lære.

Vi forventar at elevane skal ha respekt for kvarandre, og at dei skal vere med på å skape eit godt læringsmiljø og klassemiljø.

Vi forventar at barna dykker har opplevd også heime at ein ikkje skal gje opp så lett – «litt meir innsats no, så greier du det nok.»

Vi forventar at de heime framsnakkar skulen når barna dykker høyrer på.

Vi forventar at de tek opp med **skulen** – kontaktlærar eller rektor - dersom det er noko de lurer på, er usikre på, er ueinige i m.m.





Vi trur de forventar at skulen skal gje barna dykkar kunnskap.

Vi trur de forventar at vi skal ta godt vare på barna dykkar.

Vi trur de forventar at vi skal behandle barna dykkar med respekt.

Vi trur de forventar at vi skal vere rettferdige.

Vi trur de forventar at.....

her kan vi fylle på med forventningar –  
skule – heim og heim – skule.





# Planar

Kunnskapsløftet – dette utviklar og endrar seg stadig, og difor finn vi siste oppdaterte versjon på [www.udir.no](http://www.udir.no)

Kommunen sin «Kvalitetsplan for oppvekst 2016-2028»

Årplanar for dei forskjellige faga i klassane.

Kløvheim skule sin årsplan, og utviklingsplan.

Trafikksikringsplan for Kløvheim skule.





## Plan for fysisk aktivitet

Det er eit mål at alle barn og unge skal vere fysisk aktive minst ein time per dag.

Nokre barn er meir i fysisk aktivitet enn det, men for mange barn og unge kan det i kvardagen bli mykje stillesitjing og lite aktivitet med kroppen.

Kløvheim skule har laga ein plan over korleis vi skal få til dette.

Vi vil likevel oppfordre heimane til at elevane er aktive også i fritida si – anten med organisert aktivitet, eller «ut i skog og mark».





LINDÅS KOMMUNE

Og no er  
det på tide

å prøve

noko av dette

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kva	Kven		Når	
	1.-4	5.-7.	1.-4	5.-7.
<b>Kroppsøvingstimar</b>	x	x	1 t / veke	2 t / veke
<b>Symjing</b>	x	x	1 t annankvar veke	70 min annankvar veke
<b>Uteskule</b>	x		3 t annankvar veke	
<b>Hausttur</b>	x	x	Dagstur august / september	
<b>Vinteraktivitetsdag (ski, skøyter, aking)</b>	x	x	Januar - mars	
<b>Idrettsdag</b>		x		Juni
<b>«Gå til bokbåten»</b>	x	x	2 x året – ca 20 min kvar veg	
<b>«Bli med dansen»</b>	x	x	Øving i musikktimar + +	
<b>«Kom og leik» - friminuttsaktivitet</b>	x	x	3x25min / veke, ca 20 veker / år	3x25min / veke, ca 20 veker / år
<b>Fotballcup - ute</b>	x	x	vår	vår
<b>Kanonballcup - inne</b>	x	x	november	november
<b>Klasseromsaktivitet</b>	x	x	Kvar dag – ca 5 min i dobbeltøktene	Kvar dag – ca 5 min i dobbeltøktene
<b>«Gå til Voss»</b>		x	Elevane går ei oppmålt løype rundt skuleplassen/skulen, registrerer i skjema. Målet for alle elevane tilsaman er 260km (til Voss)	
<b>Friminutt</b>	x	x	Ulike aktivitetar kvar dag – ca 30 min	
<b>Gå / sykle til skulen</b>	x	x	Heile året	



## *Ein digital skule, eller...???*

Stadig meir av det vi gjer på skulen vert knytta opp mot interaktive arbeidsmåtar.

Digital dugleik er ein av dei grunnleggande dugleikane som elevane skal kunne.

Det er utarbeidd ein [IKT-plan](#) skulane i Lindås. Denne er nytt opp mot kompetanseområla i Kunnskapsløftet.

Vi brukar eindel tid på opplæring, men også her har vi bruk for at heimen tek del. Når elevane kjem lenger i utdanningsløpet sitt, vil mykje av det som skal leverast inn av arbeid, leverast digitalt, og då må elevane kunne å bruke verktøyet.





## Korleis gjer vi dette på skulen?



I alle klasserom er det digitale tavler, og alle lærarane er forplikta til å bruke desse gjennom skuledagen. Mange av læreverka har bøkene tilpassa den digitale tavla, og vi har lisensar på mange av desse.

Elevane kan også bruke tavlene i nokre situasjonar – løyse oppgåver m.a.

Mange av læreverka vi har har gode nettsider, der m.a. elevane kan løyse oppgåver, lese meir om emnet e.l.

Nokre av elevane har fått eigen digital bok – smartbok e.l.





Logg inn med FEIDE

## Pålogging

Alle elvane har eige pålogging til datamaskinene på skulen.

Brukarmenet er (for dei fleste) dei tre (3) første bokstavane i fornamnet og dei tre (3) første bokstavane i etternamnet.

Eks.: Sonja Hansen = sonhan.

I tillegg har kvar elev eit eige passord.

Elevane brukar også same pålogging i nokre av nettløysingane våre – dette heiter FEIDE-pålogging.

Det gjer at elevane også kan logge på program heimefrå – ved å bruke FEIDE-pålogging.





# Trafikksikker kommune – trafikksikker skule

Lindås kommune var i våren 2016 med på eit prosjekt for å kunne få merkelappen TRAFIKKSIKKER KOMMUNE.

Alle skulane har utarbeidd ein trafikksikringsplan. Denne er godkjent, og den pålegg oss som skule å drive med opplæring – i alle klassar – etter eit årshjul.

Kløvheim skule sin trafikksikringsplan finn de på [heimesida](#) vår

I samband med trafikksikring, minner vi alle om **forbod om å køyre opp på skuleplassen i skuletida**. Set av barna nede ved Trekanten, eller la barna gå eller sykle til skulen.

Kløvheim skule, ein trafikksikker skule



1 Trafikksikringsplan, Kløvheim skule 2016

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



# *Kommunedelplan trafikksikring 2017-2020*

Særleg vanskeleg eller farleg skuleveg – rett til  
fri skuleskyss.

Planen vart vedteken av kommunestyret i  
Lindås i vår.


Vegane er klassifisert i tre kategoriar.





## Særleg vanskeleg eller farleg skuleveg - Kløvheim

Vegtype	Vegnr.	Gatenavn	Klassifisering	Kommentar
Kv	92	Veg mellom Reikeråsvegen over til Mykingvegen ved Kløvheim skule.	1	Punkt på strekninga
Fv	397	Mykingvegen	1	Del av strekninga
Kv	1169	Reikeråsvegen	1	Del av strekninga





## *Presentasjon av FAU for skuleåret 2017-2018*

Fau for skuleåret 2017-2018 er samansett slik:

leiari: Ingrid Hindenes

nestleiar: Robert Hindenes

skrivar: Bente T. Kjøpstad

kasserar: Silje Dale og Ramona B. Fjellanger


medlemmar: Ann Kristin Bjørsvik og Linda Rød





LINDÅS KOMMUNE

# *Skuletomt – ny skule Kløvheim/Eikanger*





LINDÅS KOMMUNE



LINDÅS  
2019

EIN BETRE KOMMUNE



LINDÅS KOMMUNE

# Elevane sitt skulemiljø - §9A

*Praksis på skulane  
i samsvar med nytt lovverk  
frå 1.8.17*


EIN BETRE KOMMUNE

LINDÅS  
2019



# Nytt kap. 9A

- Bakgrunn: NOU 2015: (Djupedalsutvalet)
- Høyringsutkast
  - Ikkje likt utvalet sitt framlegg
  - 115 høyringssvar, stort sprik
- Framlegg justert i proposisjonen
  - «Strammare» og tydlegare enn høyringsutkastet
- Vedtatt i Stortinget
- I kraft frå 1.august 2017






# Trygt og godt skudemiljø...

- Ein individuell ***rett***
- Skulen skal ha ***nulltoleranse*** mot krenkingar
- ***Aktivitetsplikt*** for tilsette (med dokumentasjonskrav)
- ***Skjerpa aktivitetsplikt*** der tilsett krenker elev
- Skulen skal arbeide **kontinuerleg** og **systematisk**
- Føresegner om ordensreglement og bortvising flytta til kap 9
- ***Informasjonsplikt*** for skulen (informere og involvere elevar, foreldre, rådsorgan)



# Aktivitetsplikta – alle tilsette

- Plikt til å følgje med (systematisk arbeid, «årvåkne blikk» - å scanne området)
- Plikt til å gripe inn (straks, i situasjonen, stoppe ei handling)
- Plikt til å varsle (ved ***all*** mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø)
- Plikt til å undersøkje (skal ***alltid*** undersøkje når ein elev seier frå om krenkingar eller at han/ho ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt)
- Plikt til å setje inn tiltak (skal ta tak i ***alle*** situasjoner der ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø)





# Ei utvida aktivitetsplikt

- Der tilsett krenkjer elev
  - «*Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigar.*»
  - *Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga.*





# Fylkesmannen si rolle

- Blir «handhevingsmynde»
  - Vurdere om aktivitetsplikta er oppfylt
  - Gjere vedtak (skuleeigar har ikkje klagerett på vedtaka)
  - Eventuelt tvangsmulkt
- Vil ta kontakt med skulen om elevar eller foreldre tar kontakt med dei, ber om utgreiing i ei sak, ev fatte vedtak
- Tar ikkje kontakt med skuleeigar, så det er skulen som må informere skuleeigar om at fylkesmannen har starta ei undersøking



# Retningsline LK

- Er «*strammare og tydelegare*» enn tidlegare, slik som også lova er
- Skal sikre at aktivitetsplikta blir forstått og etterlevd
- Skal bidra til å nå målet i lova – Eit trygt og godt skulemiljø for **alle** elevane
- Reviderte planar er laga.



# Kva gjer vi på Kløvheim?

Vår visjon – **pedagogisk plattform** - understrekar kor viktig eit trygt skulemiljø er for alle i skulemiljøet.

Barn som gruar seg for å gå på skulen fordi dei ikkje har det godt på skulen, kan heller ikkje greie å ta imot den læringa vi ynskjer å formidle til dei.

Vi tek opp

- skulemiljø,
- klassemiljø,

mange gonger i løpet av

- ein dag,
- i veke,
- ein månad,
- eit år.



.....

Kløvheim skule har ordensreglar og trivselsreglar.  
Desse vart reviderte sist skuleår, og er godkjente av  
SU

Kløvheim skule har planar for korleis vi skal jobbe  
med det fysiske og det psykososiale miljøet på  
skulen.

Planane er laga for nokre år sidan, og dei fungerer  
like godt i dag.

Planane finn de på [heimesida vår](#).



.....

Vi veit dessverre at ikkje alle er greie med  
kvarandre

Ikkje med orda sine

Ikkje med kroppsspråket sitt

Ikkje med handlingane sine



.....

## OG DETTE ER IKKJE EIT PROBLEM SOM BERRE ER KNYTTA TIL DEN TIDA BARNA ER PÅ SKULEN.

Korleis kan vi **saman** gjere noko for at det skal vere null mobbing

- I fritida til barna
- På fotballtrenings
- På øving i skulekorpset
- På jenterommet/guterommet
- På nett
- I sosiale medier

.....



# Kva gjer vi på Kløvheim?

Vi forsøker å vere i forkant av situasjonane – ved å:

- vere presise til timen
- det er for det meste to vakter ute i friminutta
- vi passar på ute til elevane er komne inn
- alle klassar har tilsyn medan dei et
- vi har sosiale kompetanse mål på arbeidsplanen – mange av desse handlar om korleis vi er mot kvarandre



• • • • •

- vi lyttar til og tek på alvor når nokon fortel om episodar som har skjedd f.eks i friminutt eller andre gonger
- vi samtalar også med den andre / dei andre partane i konflikten
- vi noterer i eit skjema alle episoder vi får melding om

#### Dokumentasjon av ulike situasjonar/hendingar - §9a

Namn på elev: **NN**

dato	situasjon	løysing/tiltak	kvittering
21.08.17	NN kom til meg då timen hadde starta å fortalte at NN (5.kl) hadde sparka NN ned sklia.	Snakka med både NN(5.kl) og NN. NN(5.kl) sa unnskyld for det han hadde gjort, og begge var einig i at no var dei ferdige med denne saka.	Hans Hansen



.....

Vi trur ikkje at vi kan sjå alt, heller ikkje når nokon er stygge med kvarandre.

Vi ynskjer å lytte – og å handle.

Vi ynskjer at skule og heim også på dette området kan samarbeide godt.

Korleis kan vi saman skape det gode skolemiljøet?



LINDÅS KOMMUNE

Vi ynskjer kvarandre eit godt skuleår.

Skal vi få til det, må vi kommunisere om

- det som er bra
- det som kan bli betre

Vi skal saman – foreldre ,  
elevar og tilsette  
vere med på å førebu  
elevane våre til framtida.

Lykke til – alle saman



1.klasse saman med kontaktlærar Norunn

